



SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 17/00537-21
Saksbehandler Marit Huso

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 - 2021 - Høring

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for Livsløp	07.09.2017	28/17

Hovudutval for Livsløp har behandla saka i møte 07.09.2017 sak 28/17

Behandling

Omforeint framlegg:

Hovudutvalet for Livsløp vedtek at framlagte kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 – 2021, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endringar:

Endring i punkt 1.1 – Om planen

Tillegg i punkt 1.4 – Symjebasseng

Flytte punkt 2.3.2.5 Skøytebane til nytt punkt 2.3.12

Korrigerer tekst 3.4.1 Handlingsmål 1

Nytt punkt om tilrettelegging for uorganisert aktivitet

Votering

Samrøystes

Vedtak

Hovudutvalet for Livsløp vedtek at framlagte kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 – 2021, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endringar:

Endring i punkt 1.1 – Om planen

Tillegg i punkt 1.4 – Symjebasseng

Flytte punkt 2.3.2.5 Skøytebane til nytt punkt 2.3.12

Korrigerer tekst 3.4.1 Handlingsmål 1

Nytt punkt om tilrettelegging for uorganisert aktivitet

KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2018 - 2021 - HØYRING

Saka vert avgjort av:

Hovudutvalet for Livsløp

Vedlegg:

Utkast til plan for idrett og fysisk aktivitet

Dokument i saka:

Innspel frå ungdomsrådet

Innspel frå FAU ved HBU

Innspel frå Hemsedal idrettslag v/rulleski og skiskyting

Innspel frå Hemsedal idrettslag

Innspel frå Frisklivskoordinator

Saksopplysningar:

Hemsedal kommunestyre gjorde 6. april i Ksak 24/17 vedtak om oppstart av arbeidet med tematisk kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2018 – 2021. For å få godkjent søknader om spelemidlar må alle kommunar ha godkjent kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk dokument, og er meint å vere eit styringsreiskap for å oppnå kommunen sine målsetjingar innan området.

Prosjektskilddinga som planprogram har vore ute på høyring i 6 veker. Det vart annonsert i Hallingdølen, på heimesida og det er lagt ut påminning om saka på facebook. I tillegg har administrasjonen informerte direkte til lag og organisasjonar, skulane, frisklivskoordinator og representant for barn og unge. Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 22.06.2017 Ksak 50/17.

Det er vidare kome 5 innspel til plan for idrett og fysisk aktivitet.

1. Ungdomsrådet
2. FAU ved HBU
3. Hemsedal idrettslag v/Rulleski og skiskyting
4. Hemsedal idrettslag
5. Frisklivskoordinator

Forhold til overordna plan:

Tematisk kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Hemsedal kommune er styrt av føringar lagt i arealdelen i kommuneplanen. Det er difor viktig at kommuneplannemnda vert informert om at dette planarbeidet tek til og at nemnda vidare får opplysningar om målsetjingar og handlingsprogrammet i den tematiske planen for idrett og fysisk aktivitet.

Planen vert vurdert å vere i tråd med gjeldande samfunnsdel, og vil og måtte forhalde seg til gjeldande plan for stig og løypenettet i Hemsedal.

Miljøkonsekvenser:

Ligg i saka.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ligg i saka.

Økonomiske konsekvensar:

I kvart enkelt tilfelle vert innlevert søknad lagt til grunn for tildeling av spelemidlar.

Finansieringsplanen for anlegget omfattar private midlar/ dugnad og kommunal støtte i tillegg til spelemidlane. Kommunen er ikkje forplikta til å yte økonomisk støtte.

Vurdering:

Kommunedelplanen for idrett og friluftsliv er viktig i høve til spelemiddelsøknader. Men den er også viktig for å avdekke kvar, og til kva type anlegg vi bør nytte ressursane vi har.

Idrett er ein viktig del av livet til svært mange. Deltakelse i idrett og fysisk aktivitet gjev glede, overskot og meistring. Idrett handlar og om den sosiale fellesskap, og om gode oppvekstvilkår og om god helse. Anlegg for aldersgruppa 6 til 19 år er prioritert, og anlegg med stort brukarpotensiale vert prioritert.

Hemsedal har eit utruleg stort frivillig apparat som stiller opp med faste treningar i mange idrettsgreiner. Stor aktivitet stiller og krav til at anleggssida står i samsvar med bruken. Friluftsliv og folkehelse er og viktig.

Alt i alt tydar dette på at ynskja er store og mange, også i kroner. Dette gjer at det vert vanskelegare å prioritere, men vi må samtidig hugse kva den frivillige innsatsen frå lag og organisasjonar betyr for Hemsedal. Utan frivillig innsats ville vi ikkje hatt den anleggsutviklinga vi har i dag. Dette betyr at folkevalde er prisgjeve frivillig arbeid – dette betyr i praksis at vi ikkje kan legge for store føringar på kva som kjem fyrst og sist, det må fylgje initiativ og engasjement frå dei frivillige.

Men ein kan sjølvsagt ikkje gløyme kommunal aktivitet som også treng spelemidlar.

Vurdering av innspel:**Dansesal innspel frå Ungdomsrådet.**

Hemsedal har tilrettelagt kultursalen med speglar, lys og lydanlegg. I tillegg har vi idrettshall og gymsalar ved skulane. Hugnadheim har også godt dansegolv. Ser utfordringa med dagens kultursal som er ei fleirbruksal der du er avhengig av vaktmestere for å få amfiet «skuva saman» slik at dansegolv et vert tilgjengeleg. Men i praksis har kulturskulen fastavtale med vaktmesterane om at amfiet er ca halvt ute – då har dansarane «god plass».

Tennisbane – innspel frå ungdomsrådet

Hemsedal har tennisbane i Grøndalen. For skoleungdom ligg den for langt frå sentrum så lenge det ikkje er tilrettelagt for kollektivtransport.

Kva med dagens sandvolleyballbane ved HBU – kan den endrast til tennisbane?

Eventuelt kan den gamle grusflata ved Idrettsplassen tilrettelegjast til tennisbane? Og kva da med parkering.

Tjukkaskas på idrettsplassen innspel frå Ungdomsrådet

Tjukkaskas på Idrettsplassen vert lagt ut frå skulestart til vinteren kjem. Tjukkaskas er pr i dag i tilstrekkeleg god nok kvalitet og er nemnt utskifta innan eit par år. jfr skulen. Tjukkaskas er eit krav i høve til gymaktiviteten på skulen.

Løpebane innspel frå både ungdomsrådet og FAU ved HBU.

Løpebanene vart nedprioritert i samband med utbygging av skøytebane og utvida kunstgrasbane i samarbeid med skulen. Det vart ved befaring av idrettsplassen sett på ei løysing ved å opprette nye løpebaner på innsida av fotballbanen med evt tartandekke. Rektor ved HBU stadfesta at 100 m lengde på løpebane var tilstrekkeleg.

Deler av den gamle løpebanen vert i dag nytta til lengdeløp, denne er ikkje i god stand. blanding av raudt underlag, grus og asfalt.

Dersom det er ynskje om løpebane, kan ein sjå på dette i samband med skulesaken. Også i høve til plassering.

Det er ynskje om 5 løpebaner, men 3 kan også fungere.

Lengdegrep innspel Ungdomsrådet frå FAU ved HBU

Denne vart nyetablert på innsida av kunstgrasbanen i samråd med skulen da skøytebanen vart etablert.

Friidrettsanlegg (minusmanlegg)

Friidrett er øvelser i hovudsak hopp, kast og løp. Løpebanen vart nedprioritert da idrettslaget fekk utvide kunstgrasbanen med ein 5 er bane. Dette var avklara med skulen. Ein ser imidlertid at ei 100 meters løpebane kunne Hemsedal trenge. Hemsedal har i dag tilrettelagt lengdegrep og kastering.

Skiskyttarstadion innspel frå Hemsedal IL v/Rulleski og skiskyting og Hemsedal IL

I førre planen var det sett opp at skiskyttararena burde leggest til Gravset.

Idrettslaget ynskjer etter at rulleskianlegget kom, ny plassering ved rulleskianlegget.

Det å endre plassering til Totteskogen kan gje sine utfordringar i forhold til støy og det kan kome i konflikt i høve til bruk av areal.

Samarbeid mellom frivillig og skule innspel frå Hemsedal IL

Hausten 2016 hadde kommunen og idrettslaget kome langt i planlegginga av eit tilbod med idretts-SFO = IFO. Der idrettslaget la tilrette for aktivitet og samarbeid om skyss for å få samla ungane i sentrum på IFO. Pga endringar i idrettslaget og utfordringar i høve til skyss vart dette ikkje sett i verk. Idrettslaget er allikevel klare for nye samarbeidsformer, slik at skule og idrettslag vil sjå vidare på dette.

Svømmebasseng innspel frå Hemsedal IL og frisklivsordinator

Svømmebasseng står fortsatt høgt på ønskelista for idrettslaget og for frisklivsordinator. Ein viktig aktivitet med tanke på folkehelse. Eit tilbod for at alle skal kunne lære å svømme, og i verste fall klare å redde seg sjølv eller andre. Det er godt dokumentert at trening i basseng er meget nyttig for dei som har plager med muskel, skjelletplager/smerter og overvekt. Også eit lavterskeltilbod for både barn, ungdom og vaksne.

Idrettslaget meiner at kommuna bør gå i samarbeid og gjerne «hestehandle» litt for å få til eit tilbod.

Kommersielt bruk innspel frå Hemsedal IL

Dei ynskjer at nye anlegg vert bygd med tanke på også kommersielt bruk som ei inntekt frå både idrettsarrangement og andre typer arrangementet.

Sentrumsnære turstiger innspel frå frisklivskoordinator

Ytterlegare merking, rehabilitering av våte partier. Hemsedal kommune har sidan sist plan også fått ein eigen stig og løypeplan. Der det er oppretta ei eiga tiltaksliste, og der Hemsedal utmarksservice er praktisk gjennomfører. Ved neste gjennomgang bør ein spesielt sjekke desse sentrumsnære stigane.

Nærmiljøanlegg – Tufteparken innspel frå frisklivskoordinator

Tufteparken er oppretta av Idrettslaget. Det trengs informasjonsplakater om korleis nytte treningsapparata for å få auka bruken.

Etter kontakt med Idrettslaget viser det seg at desse er ferdig produsert. Ein ventar berre på å få dei oppsett.. Vi forventar at Idrettslaget får desse plakatane på plass i løpet av hausten 2017.

Seniortrening i regi av idrettslaget innspel frå frisklivskoordinator

Friskliv og fysioterapi i kommunen har i dag eit trimtilbod for aldersgruppa frå 65 og oppover. Dei fleste er spreke pensjonistar som eigentleg er utanfor målgruppa som treng trening med oppfølging frå friskliv eller fysioterapeut. I dag i er det ca 30 deltakere med i seniortrim. Dette vert fordelt på 3 treningsparti pga plassmangel på Bygdaheimen. Dette er trimaktivitet som like gjerne kunne vore gjennomført i Trøimshallen i regi av idrettslaget. Idrettslaget bør såleis utfordrast til oppstart av treningsgrupper for aldersgruppa 65+.

Vi er kjent med at både Gol og Hol har slikt tilbod innanfor idrettslaget, på dagtid.

Oppsummering:

Her er mange gode innspel og dei vert teke med i vidare i planprossessen. Dei ulike innspela må vurderast både på kort og lang sikt og også i høve til prioriteringar økonomisk.

Idrettslaget har ein utdatert plan for idrettsanlegget – sist vedteke i 1980. Kommunen eig grunnen, men i samarbeid med Idrettslaget burde denne planen vore teke oppatt til revidering. Kan Hemsedal kommune med sine 2484 innbygjarar forvente at vi skal ha anleggsdekning innanfor alle idrettsgreiner? Kva anlegg finst på Gol.

Kven skal vera med å seie noko om kva vi skal prioritere av anlegg.

Vanskeleg å utarbeide ein plan i alle fall i høve til plassering all den tid «skulesaken» med evt utviding av Trøimshallen eller bygging av ny hall ikkje er vedteke.

Jfr. Ksak 24/17 har Kommunestyret gitt Hovudutval for Livsløp mynde til å legge forslag til «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet – 2017-2021» ut på høyring.

Rådmannen si innstilling:

Hovudutvalet for Livsløp vedtek at framlagte kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 – 2021 vert lagt ut på høyring.

DATO 8.september.2017